



FFO Hordaland  
SAFO Hordaland

Dato: 18.07.2014  
Vår ref.: 2014/558-67  
Saksbehandlar: ingtakl  
Dykkar ref.: «REF»

## Trong og ønskjer i samband med kulturopplevingar

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland arrangerte ein temadag 3. april med tittel «Grenselaus kultur?», der fokus var på menneske med nedsett funksjonsevne si moglegheit og trong til å ta del i kulturopplevingar, både som tilskodar og som deltakar. Målgruppa for temadagen var dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne, men ein invitasjon vart og sendt til større kulturinstitusjonar i Hordaland. Blant anna var Carte Blanche og Den Nationale Scene til stades.

I ettertid har rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland vore i dialog med kulturavdelinga til fylkeskommunen, som og deltok med fleire representantar på temadagen. Deira inntrykk var at kulturinstitusjonane har eit ønskje om meir informasjon om korleis dei kan legge betre til rette slik at menneske med nedsett funksjonsevne kan ta del i kulturopplevingar.

Det vart bestemt at kulturavdelinga og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal arrangere ein «rundebordsdiskusjon» med dei store kulturinstitusjonane i fylket for å utveksle kva ønskjer og trong menneske med nedsett funksjonsevne har i samband med kulturopplevingar. Perspektivet denne dagen vil vere som tilskodarar.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne hadde slikt vedtak i denne saka:

*«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at medlemane frå brukarorganisasjonane skal utfordre FFO og SAFO til å kome med ein oversikt over deira ønskjer og trong i samband med deltaking og det å vere tilskodar til kulturopplevingar. Rådet vedtek og å utfordre alle medlemane og brukarorganisasjonane til å kome med innspel til fagpersonar med kompetanse på kultur og menneske med nedsett funksjonsnedsetting.»*

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne håpar derfor at de, FFO Hordaland og SAFO Hordaland, kan kome med ein oversikt over kva ønskjer og trong de har og gjerne med aktuelle løysingar som rådet kan bringe vidare. Det er ønskjeleg å få inn ein fagperson på området som har jobba med liknande, i Norge eller i Skandinavia. Derfor set rådet stor pris på å innspel om ein slik person eller kor ein kan få tak i ein slik person.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på samarbeid med dykk slik at vi kan få til konkrete og berekraftige løysingar og opne kulturlivet i Hordaland enda meir.

Ellinor Kreybu  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*